



**NGIB**  
**Brannforebyggjande avdeling**  
 5914 ISDALSTØ

TELEFON 56 37 50 00  
 TELEFAKS 56 37 51 09

Arkiv: 2013  
 Saksmappe: 1939  
 Sakshandsamar: Frode Langeland  
 Dato: 04.11.2013

**Sagstad Skule**  
 v/Meland Kommune  
 Rådhuset  
 5918 Frekhaug

<b>MELAND KOMMUNE</b>	
Sagstad skule	
17 MAR 2014	
JpID _____	Saksh. _____
Ark. _____	Kopi _____
Dokumentnr. _____	

## TILSYNSRAPPORT

### Sagstad Skule

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

Objekt	Type objekt	Objekt id	Gnr/bnr
Sagstad Skule	A40	21	24/27
Adresse	Postnummer	Stad	
0	5918	Frekhaug	
Eigar	Førre tilsyn	Dato gjennomført tilsyn	
Meland Kommune v/eigedomsavdelinga	05.09.2012	17..10.2013	

**For objektet/verksemda møte:**

**Brannvernleiar:** Magne Lædre

**For Eigar:** Nils Olsen

**Verksemd:**

**Frå tilsynsmyndigheit møte:**

**Branninspektør:** Frode Langeland

#### TILBAKEMELDING

**Det skal gjevast tilbakemelding på denne rapporten innan 1 månad etter at den er motteken. Sjå siste del av rapporten.**

**Brannvernleiar sender kopi til eigar, brukarar og verneombod**



## **Innleiing**

Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branntryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifta kap. 2 og 3. Formålet er og å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

Tilsynet vart gjennomført som tematilsyn/oppfølging av tilsyn, utført 05.09.2012. Det er gjeve tilfredstillande attendemelding frå brukar innan tidsfrist.

Etter tilsyn 05.09.2012, vart følgjande avvik registrert:

- Nokre av dørpumpene i første og andre etasje fungerte ikkje tilfredstillande. I første etasje ved hovudinngang var dørpumpa kopla frå.  
Hensikten med dørpumper er å halda branndørene lukka, slik at ein unngår brann og røykspredning i bygningen.
- Dør i trapperom som fører til korridor i andre etasje (sør/vest) manglar dørpumpe.
- Handtaket i ytterdør som fører til hovudutgang mot nord i første etasje frå trappeløpet i sør var defekt.

Desse avvika er no lukka.

Tilsynsmyndigheten har eit godt inntrykk av at brannvernarbeidet ved skulen vert teke seriøst, og at brannvernleiar og vaktmeister syner god forståing for viktigheita av dette arbeidet.

**Ein vil ved neste års tilsyn setja fokus på branndokumentasjon ved skulen.**

Vidare gjer ein merksam på at dette branntilsynet ikkje er ein fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil og manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar av branntilstanden si plikt å syte for at branntilstanden er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann. Jf FOBTOT §2-1.

## **DEFINISJONAR**

<b>Avvik:</b>	Å overtre krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.
<b>Avvik frå:</b>	Heimel i brann og eksplosjonsvern lova, førebyggjande forskrifta og HMS-forskrifta.
<b>Kommentar:</b>	Utfyllande opplysningar om avvik eller opplysningar som kan vera nyttig for mottakar.
<b>Merknad:</b>	Eit forhold tilsynsetaten meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta Helse, Miljø og Tryggleik, som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

## MERKNADER

- Klede vert deponert i rømningsveg.
- Det lyt utarbeidast reinhaldsrutinar vedkommande støvansamling i kjøleskåpa.

### **KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP** Brannvernlova § 14

Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

### **OPPSUMMERING**

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik gjennomgått. Ein vart einig om at eigar og brukar finn løysingar for å utbetre dei feil og manglar som er gjeve i rapporten, og etablerer/held vedlike rutinar i samsvar med Førebyggjandeforskrifta og HMS-forskrifta.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som De ikkje finn i samsvar med tilstanden i bygget eller verksemda er, ber vi dykk om å skrive dette i tilbakemeldinga. Treng De råd eller hjelp, ta kontakt med NGIB førebyggjande avdeling på Telefon 56 37 50 00. For meir informasjon om tilsynet eller avvika som er peika på, sjå rettleiinga til "Forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn", ([www.dsb.no](http://www.dsb.no))

### **TILBAKEMELDING**

I samsvar med "Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn", § 6-2, ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding (ein handlingsplan!) innan 1 md. etter at rapporten er motteke. Handlingsplanen skal innehalde opplysningar om korleis og når avvika vil bli retta, samt kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

**Tilbakemeldinga skal sendast:  
NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret,  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**

**Neste tilsyn vert gjennomført i 2014**

Med førebyggjande helsing

**Brannsjef  
i**

**Lindås og Meland kommuner**



Karl Johannes Romarheim

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannforebyggjande avdeling  
NGIB**



Frode Langeland